



Frå ein tidlegare kamp for damelaget.(Foto: O. M. Mathisen)

Rosendal sitt dammelag tapte i ettermiddag 0-3 i bortekampen mot NBK/Eikanger/Kvernbit i 4.divisjon i fotball. Pauseresultatet var 0-0. Dette var første kamp etter den nye puljeinndelinga. Rosendal er no i pulje med dei beste laga frå dei to 4.divisjonspuljene frå i vår. Dermed ventar det jamne og gode kampar utover hausten.

I dag møtte dei eit godt lag, men dei heldt lenge følgje, og pauseresultatet var såleis 0-0. Det var 4 uskedelingar med på laget i dag: Anita Simensen, Gørill S. Eik, Kari Bråtun og Ingebjørg Haugland.

Ein utflytta uskedeling var sentral på motstandarlaget og. Tidlegare ungdomslandslagsspelar Bente Musland var kaptein på laget. Vår kontaktperson meinte og at den gamle storscoraren laga eit av måla. Å ha ein slik spelar på laget er sjlvsagt ein klar styrke.

Av: Thor Inge Døssland